

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Inge Reidar Kallevåg gjorde framlegg om Anita Garlid Johannessen til å representere Hordaland fylkeskommune under Verdsarvkonferansen i Bergen 2015.

Nils-Olav Næss gjorde framlegg om Marianne Bjørøy.

Tom-Christer Nilsen sette fram slikt forslag:

"Andre setning i innstillinga punkt 4 utgår."

Røysting

Innstillinga med forslaga frå Kallevåg, Næss og Nilsen vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet ser Verdsarvkonferansen i Bergen 2015 som ein viktig arena for å styrkje samarbeidet om forvaltning av nordisk verdsarv.
2. Fylkesutvalet løyver kr 150.000 til Nordisk verdsarvkonferanse i Bergen 22. til 24. september 2015. Løyvinga verkt dekt inn og belasta fylkesutvalet sin tilleggløyvingskonto.
3. Fylkesutvalet ber fylkesordføraren om å vere vertskap for middagen 22. september på Fiskerimuséet.
4. Fylkesutvalet utnemner følgjande medlem til å representere Hordaland fylkeskommune under konferansen:
 - a) Anne-Beth Njærheim
 - b) Anita Garlid Johannessen
 - c) Marianne Bjørøy